



Uskedelingen, professor Jørn Øyrehagen Sunde, på våre kantar mest kjent som ekspert på Baroniet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torsdag presenterar uskedelingen, professor i rettshistorie Jørn Øyrehagen Sunde, ei bok om rettskultur saman med Knut Einar Skodvin.**

**Presentasjonen skjer på Studia i Bergen og boka heiter *Rendevous of European Legal Cultures*.**

Forfattarane peikar på at globalisering og internasjonalisering av retten er gamalt nytt. Post i butikk, sjølvbetjening på Vinmonopolet eller refusjon for forseinkingar i flytrafikken er resultat av at Noreg er rettsleg knytta sterkare til omverda.

Ein konsekvens av det er at juristar må ha rettsleg kulturkunnskap for å forstå sentrale rettslege kjelder som Dei europeiske menneskerettane og EU-retten. Dermed har rettskultur vorte eit instrument til å kunna omsetja norske rettslege tilhøve for andre og til å omsetja dei rettslege tilhøve andre stadar slik at dei blir forståelege for oss.

Men skal rettskultur vera til hjelp for den verksame jurist må det spaltast ned og omdannast til eit instrument som kan forståast raskt. I boka til Øyrehagen Sunde og Skodvin er føremålet nettopp å omdanna og nytta rettskultur som eit slikt instrument.